



MODALEN KOMMUNE
Postboks 44
5732 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mary Ueland, 5764 3062

Stimuleringstilskot for veterinærdekning for 2023

Vi syner til rundskriv 2022-87 frå Landbruksdirektoratet og informerer med dette om at kommunar og veterinærvaktdistrikt kan søkje om stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2023.

Føremålet med stimuleringstilskotet er å medverke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsssvake område, innanfor ordinær arbeidstid.

Stortinget har løyvd 34,282 mill. kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2023, og av desse er Vestland fylke tildelt kr 6 342 000. Dette er ei lita auke frå førre år.

Statsforvaltaren i Vestland gjer vedtak om tildeling av midlane etter handsaming av søknadar frå kommunar eller vaktistrikt i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet.

Prøveordning – kommunen kan setje vilkår om at veterinærar deltek i vaktordning

For tilskotsåra 2021 og 2022 vart det innført ei prøveordning for stimuleringstilskot til kommunar som innebar at det kunne stillas krav om deltaking i klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid, for å kunne motta stimuleringstilskot til veterinærdekning. Denne ordninga vert vidareført for tilskotsåret 2023.

Søknad og rapport i Altinn

Kommunen skal senda søknad og rapport på elektronisk [skjema](#) i Altinn. Frist for å søkje og rapportere er **torsdag 17. februar**.

Ved søknad og rapportering skal kommunen skildre kva type tiltak dei vil prioritere i 2023, og korleis tildelte midlar er brukt i 2022, fordelt på driftsstøtte, etableringsstøtte, etablering av kommunalstilling/løn til kommunalstilling, og anna. Detaljar om rapportering er omtalt i rundskrivet.

Kommunar som har stilt krav om vakttdeltaking for å få stimuleringstilskot i 2022, skal i rapporteringa også føre opp deira erfaring med denne ordninga.



Det er mogleg å laste opp vedlegg til søknaden. Døme på aktuelle vedlegg; utfyllande dokumentasjon, utdrag av rekneskap.

Kven kan søkje

Alle kommunar og vaktdistrikt i Vestland kan søkje om midlar til tiltak. Det er administrasjonskommunen som søker på vegne av vaktdistriktet om heile vaktdistriktet søker saman.

Utlysing

Kommunar som ønskjer å søkje om stimuleringstilskot må lyse ut ordninga på ei hensiktsmessig måte, og sette ein frist. I dette ligg det at alle veterinærar som arbeider eller bur i området har same moglegheiter til å søkje om tilskot. Med bakgrunn i dette, kan kommunane søkje om stimuleringsmidlar.

Føringar og prioriteringar

Rundskriv 2022-87 legg føringar for kva vurderingar statsforvaltaren skal leggje til grunn for løyving, og listar opp følgjande:

- a. Kommunar med dårleg næringsgrunnlag for veterinærar skal prioriterast.
- b. Lågt dyretal og krevjande infrastruktur bør vera blant kriteria for tildeling av tilskot.
- c. At stimuleringstiltaket er hensiktsmessig for å bidra til å sikre tilfredstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, vil vere relevant å leggje vekt på.
- d. At det er vanskeleg å rekruttere og behalde veterinær vil vere relevant å leggje vekt på.

Dei mest aktuelle stimuleringstiltaka er etableringsstøtte, driftsstøtte samt å oppretthalde kommunale veterinærstillingar der den tilsette òg kan bidra til å løyse ulike oppgåver i kommunen der veterinærens kompetanse kjem til nytte.

Landbruksdirektoratet har laga eit hjelpemiddel som også vert nytta i lag med kriteria og våre vurderingar av søknadane. Dette hjelpemiddelet er eit rekneark som syner tal dyr per kommune, vekta etter antatt innteningsgrunnlag for veterinærane etter dyreslag.

Vi viser elles til vedlagte rundskriv frå Landbruksdirektoratet.

Har de spørsmål knytt til ordninga eller søknad/rapportering, ta kontakt.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Mary Ueland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Rundskriv 2022-87 - Stimuleringstilskudd til veterinærdekning – forvaltningsansvar og saksbehandling 2023



Kopi til:

LANDBRUKSDIREKTORATET

Postboks 1450 Vika

0116

OSLO

Mottakerliste:

FITJAR KOMMUNE	Postboks 83	5418	FITJAR
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
LÆRDAL KOMMUNE	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
VOSS HERAD	Postboks 145	5701	VOSS
EIDFJORD KOMMUNE	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
LUSTER KOMMUNE	Postboks 77	6866	GAUPNE
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
SVEIO KOMMUNE	Postboks 40	5559	SVEIO
VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
ULVIK HERAD	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
MODALEN KOMMUNE	Postboks 44	5732	MODALEN
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
KVINNHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
KVAM HERAD	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
SAMNANGER KOMMUNE	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
FJALER KOMMUNE	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
HØYANGER KOMMUNE	Postboks 159	6991	HØYANGER
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE
OSTERØY KOMMUNE	Postboks 1	5293	LONEVÅG
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
GLOPPEN KOMMUNE	Grandavegen 9	6823	SANDANE
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
ASKVOLL KOMMUNE	Postboks 174	6988	ASKVOLL
HYLLESTAD KOMMUNE	Lifjordvegen 7	6957	HYLLESTAD
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
AURLAND KOMMUNE	Vangen 1	5745	AURLAND
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN
GULEN KOMMUNE	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
SOLUND KOMMUNE	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN